



Retningslinjer for kommunal vigsel

1. Heimel

Lov om ekteskap, Forskrift om kommunale vigslar og heradsstyresak 120/23.

2. Kven vier

I tillegg til ordførar og varaordførar som er direkte oppnemnd etter ekteskapslova, og rådmann, som er delegert vigselmynde i heradet sitt delegeringsvedtak vert representantane i FPL, og andre som heradsstyret gir vigselmynde, utpeika som vigslarar.

Brudeparet må stille med to vitne som er over 18 år. Voss herad kan på førespurnad stille med vitne.

3. Kven kan viast i Voss

- Alle som har gyldig prøvingsattest frå folkeregisteret (Ekteskapslova kapittel 2) kan gifta seg i Voss herad.
- Dersom brureparet, eller ein av dei som ynskjer å inngå ekteskap, har bustadsadresse i eit anna nordisk land, skal prøvingsattest skaffast frå heimlandet og sendast folkeregisteret der prøving av ekteskapsvilkåra skal finne stad.
- Der brureparet, eller ein av dei som ynskjer å inngå ekteskap har fast bustad utanfor Norden, skal prøvingsattest sendast frå heimlandet til Skatt Nord Hammerfest, Personregisteret, N-9613 Hammerfest.
- Brureparet skal **legitimera** seg med gyldig legitimasjon før vigsel vert gjennomført. Asylsøkjjarbevis er **ikkje** gyldig legitimasjon.

4. Vigselrym

Vigslene skal primært skje i Heradsstyresalen på Tinghuset på Voss. Voss herad har ansvar for tilrettelegging og enkel pynting av desse lokala.

Det kan opnast for vigsel i andre lokale, men dette må avklarast med vigslaren i god tid, og brurefolket må sjølv organisera, pynta og kosta dette. I tillegg kjem eit gebyr etter gjeldande sats.

5. Tidspunkt

Vigsel skal normalt skje innanfor ordinær arbeidstid.

Det kan opnast for vigsel utanfor opningstid, men dette må avtalast med vigslaren i god tid, og det blir pålagt eit gebyr etter ei kvar tid gjeldande sats for dette.



6. Seremoni

Vigslinga skjer etter standard vigselformular. Vigslaren informerer brudeparet om rammer for seremonien og avklarar om det er spesielle ynskje og/eller behov. Dersom brurefolket ynskjer ei utvida seremoni med musikk eller anna må dette avklarast på førehand og brurefolket må organisera dette sjølv.

Etter seremonien skal vigselboka underskrivast av brureparet, vitne og vigslar. Brurefolket får med seg ein mellombels vigselattest. Original vigselattest blir sendt frå folkeregisteret.

Dersom det er behov for tolk må brudeparet sjølv skaffe dette. Tolken skal godkjennast av vigslar. Namnet på tolken må sendast kommunen snarast. Av omsyn til tolkearbeidet, vert det tilrådd å sende vigselritualet til tolken på førehand.

Retningslinene gjeld for vigsel i Voss herad frå 12. desember 2023